

Høyringsuttale til Kommuneplanen sin samfunnsdel frå

**Hundvin Bygdelag
Skodvin Montessoriskule
Hundvin Naturbarnehage
Ungdomslaget Nybrot
Skodvin Skulemusikk
Hundvingrend Indremisjon
Hundvingrend Sanitetsforening
Hundvin Bu AS**

**Ones og Kvalvåg Grendalag
Hundvinfeltet vellag
Lindås VVS Nils Træland AS
Skodvin Søndagsskule
Hundvinskaien
Hundvin Handel AS
Trælandsvegen Vel**

Me har med undring fått med oss at ein under førebuingane til samfunnsdelen til den nye kommunedelen for Alver 2022, ikkje har teke med Hundvin som nærsenter. Hundvin har dei kvalitetar og funksjonar som ei bygd bør ha for å kunna kallast «nærsenter». Sjølv sagt forstår me at nokon vil prøva å begrensa det ein må forhalda seg til når ein skal administrera ein stor kommune. Men å gå frå å vera ei levande bygd til ein ubeskreven flekk på kartet, synest me er for drøyt. Dette seier me utifrå tidlegare erfaringar med å vera med i biletet eller ikkje.

Ein vil på det sterkaste tilrå at Hundvin skal få status som nærsenter i kommuneplanen sin samfunnsdel. Hundvin tilfredstiller dei krav til nærsenter slik desse er definert. Me ligg ei mil frå Lindås som er vårt næraste lokalsenter. Me har mange lokale møteplassar:

- Daglegvarebutikk som heldt til i lokale eigd av bygda sine folk i aksjeselskapet Hundvinbu AS
- Ungdomshuset med ungdomslaget sine aktivitetar (raspeballmiddagar, pub, leikarring, trim, basarar, og utleige til fest og samlingar).
- Bedehuset som innbyr til nabolunsj, ungdoms- og barneaktiviteter for oss alle i bygda, i tillegg til egne samlingar.
- Sanitetsforeninga som engasjerer oss med fokus på kvinnehelse, barn og unge. Dei eig Kløvertun som er lokale for barnehagen.
- Skodvin Montessoriskule med sine 70 elever er ein av dei største barneskulane i sitt slag på landsbasis.
- Hundvin naturbarnehage med sine 32 barn, den einaste naturbarnehagen i Alver kommune.
- Skodvin Skulemusikk (med sine 27 musikantar og 4 aspirantar) som gjer det godt i konkurransar og rekrutterer musikantar til m.a Eikanger Bjørsvik, Lindås Brass mfl.
- Hundvin kyrkje som er reist av innbyggjarane sjølve og stod ferdig i 1936.

Fagervollen byggefelt (Hundvin) er nesten tomt for ledige tomtar, men nytt tomteland er tilgjengeleg. På eit kart frå Lindås kommune, er Hundvin byggefelt hamna innafor kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, som har eit heilt anna føremål enn bustadbygging. Grensa som er trekt her (administrativt?) burde ikkje påverka bustadbygginga i Hundvinfeltet, men kan lett forståast slik av dei som skal ha med saka å gjera.

Når ein legg stor vekt på at Hundvin skal få status som nærsenter er dette for å sikre at vi skal få vere med i utviklingsplanane for Alver vidare. Dette med omsyn til prioriteringar innan bustadbygging, eldrebustader, gang og sykkelveggar, trafikkbelysning m.m, slik ein ønskjer å utvikla nærsentra i kommunen.

Difor: La også Hundvin få status som nærsenter!

Hundvin, 14.februar 2022